



Reikerås Industri AS
c/o Oddvar Reikerås Eidavegen 151
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykker:
Vår: 18/3394 - 19/8147

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
15.03.2019

Vedkomande årsrapport fettutskiljar - GBNR 188/69 Knarvik Kafè og Thai Takeaway Gjervik Ytre

Teknisk drift har motteke årsrapport for fettutskiljar ved gbnr 188/69 ved Knarvik Kafè og Thai Takeaway i Reikeråsbygget.

Avtale om tømming og logging av temperatur i anlegg vart inngått mellom Norva 24 og Knarvik Kafè og Thai Takeaway 01.06.2018. Det er i løvye satt krav om 4 tømmingar (kvar 3 månad) og 2 temperaturlogger (jamt fordelt over driftsåret).

Tømmeoperatør har, i årsrapport, dokumentert at det for driftsår 2018 er utført 2 tømmingar av anlegg. Dei har ikkje logget temperatur i anlegg. Logging av temperatur skulle ha vore utført seinast før siste tømming i november.

Det er viktig at Reikerås Industri AS, som er abonnent på avløpstjenester ved gbnr 188/69, følgjer opp anlegg og sørger for at tømming og logging av temperatur vert utført iht gitte løvye. Temeraturlogger er nødvendig for å dokumentere anlegget sin funksjon og anlegg stettar til utslepp. Knarvik Kafè og Thai Takeaway AS har, for 2018, ingen dokumentasjon som viser korleis anlegg fungerer og om krav til utslepp er stetta.

Knarvik Kafè og Thai Takeaway AS er ei type verksemد som har høgt innhald av fett i utsleppsvatn. Det er viktig at kommunen får inn temperaturlogger, slik vi kan vurdere anlegget sin reinsefunksjon og sørge for at anlegg får rett drift og vedlikehald. Tømmerrapporter viser kun at anlegg er tømt og kor mykje fett som skilt ut i anlegg. Rapportane gir ingen informasjon om fett kan ha blitt ført ut på kommunalt leidningsnett.

Vi gjer merksam på at fett i leidningsnett kan føre til tilbakeslag av fetthaldig kloakk i bygg. Kommunen har ingen ansvar ved slike hendingar. Eigar av bygg må sjølv sørge for og påkoste utbetring av skader som oppstår under slike hendingar.

Førehandsvarslet om tilsyn:



På bakgrunn av mangande dokumentasjon av anlegg, ser Lindås kommune behov for å føre tilsyn med anlegg. Føremål med tilsynet er å få på plass gode drifts-, vedlikehalds- og rapporteringsrutiner for anlegg. I samsvar med forvaltningslova § 16 gir Teknisk drift eit førehandsvarsle om tilsyn. Tidspunkt for tilsyn vil vi komme tilbake til i eige brev – varsle om tilsyn.

Med helsing

Arne Helgesen

Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad

saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Knarvik Kafe og Thai Takeaway AS Litlevika 29 5914 ISDALSTØ

Mottakarar:

Reikerås Industri AS c/o Oddvar
Reikerås
Eidavegen 151 5913 EIKANGERVÅG